



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Ungdomsråd

Møtested:	Einevarden 3. etg. Rådhuset
Møtedato:	06.02.2013
Tidspunkt:	14:00 - 16:00

Til behandling: **Saksliste nr. 001/13 - 003/13**

Medlemmer:

- Daniel Gangeskar (Leder)
- Malin Myrstad (Medlem)
- Margrethe Eggesbø (Medlem)
- Synne Weltzien (Medlem)
- Elise Silden (Medlem)
- Erica Teige (Medlem)

Varamedlemmer:

- Siv Mathilde Oldeide (Varamedlem)

Forfall:

- Caroline Strand (Nestleder)
- Monica Tonheim (Medlem)

Av 8 medlemmer møtte: 6. Totalt frammøtte: 7

Frå O/K-utvalet møtte: Anett Berg

Måløy 07.02.2013

Dagny-Ann Gangeskar

Leiar tok opp problemstillinga med å komme presis til møter og å melde frå når ein ikkje kan møte. Det er viktig å vere presis og å melde frå, både av respekt av andre si tid, og for å få gjennomført møter som planlagt.

Daniel Henriksson var invitert til Ungdomsrådet for å informere om Ungdom mot rasisme og om muligheta for å etablere eit lokallag i Vågsøy.

Ungdom mot rasisme er politisk uavhengig og rettar seg mot ungdom i alderen 12 til 30 år.

Ungdomsrådet ønska å «lodde» stemninga for eit lokallag og vil starte med å etablere ei opa gruppe på facebook «Ungdom mot rasisme i Vågsøy». Synne Weltzien ordnar dette.

20. februar skal Henriksson få ei tilbakemelding om det er interesse for gruppa.

Dersom det er interesse er det ønskelig at Ungdom mot rasisme sin sentralorganisasjon kjem på besøk for meir informasjon og eventuelt etablering av eit lokallag den 21. mars. Henriksson held kontakt med sentralstyret.

Sekretær sender kontaktinformasjon til medlemmane i ungdomsrådet til Henriksson.

001/13: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den ligg føre.

06.02.2013 Ungdomsråd

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Samrøystes godkjent.

UR-001/13

Vedtak:

Møteboken godkjent som den ligg føre.

002/13: Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Fylkesting for ungdom vart avlyst hausten 2012. Det skal arrangerast 15. til 17. mars 2013 på Skei hotell.

Påmelding av to representantar til Fylkesting for Ungdom, påmeldingsfrist 11.02.2013.

Det er allereie vedtatt å sende to representantar og Ungdomsrådet må no finne kven som skal reise.

06.02.2013 Ungdomsråd

Møtebehandling:

Leiar las frå invitasjonen og orienterte om Fylkesting for Ungdom 2013.

Det vart spurt om kven av Ungdomsrådet sine medlemmar som har anledning og lyst å reise på Fylkesting for Ungdom 2013.

Votering

To personar meldte sin interesse og vart samrøystes valt.

Siv Mathilde Oldeide og Daniel Gangeskar.

UR-002/13

Vedtak:

Siv Mathilde Oldeide og Daniel Gangeskar reiser som Vågsøy kommune sine representantar til Skei 15. – 17. mars.

003/13: Drøftingssak

06.02.2013 Ungdomsråd

Møtebehandling:

Leiar informerte om ei sak som hadde vore tema i elevrådet på Måløy vidaregåande skule same dag.

Ungdomane på vidaregåande skulen reagerar på manglande refleksbruk blant fotgjengarar som er ute om kveldane. Elevrådet ønsker å ha fokus på dette tema og spør Ungdomsrådet i Vågsøy om å vere med på arrangere ein temadag om refleks.

Elevrådet har etablert ei arbeidsgruppe som skal jobbe med korleis dette skal gjerast og ungdomsrådet har to representantar som sit i den gruppa. Malin Myrstad og Daniel Gangeskar kan som medlem i elevrådet også vere i si rolle frå ungdomsrådet.

Votering

Ungdomsrådet diskuterte kor viktig dette er og ønsker å vere med som støttespelar og arrangør av ein temadag om refleks.

UR-003/13

Vedtak:

Samrøystes om å vere med som arrangør av ein temadag om refleks. Malin Myrstad og Daniel Gangeskar sit i arbeidsgruppa som representant for elevrådet og for ungdomsrådet.

